

Hei.

Eg kjem med nokre innspel til den nye trafikksikringsplanen for Austrheim kommune (ikkje i prioritert rekkjefølgje):

1. St. Jørgens-veg frå det gamle kommunehuset til busstoppet på Kvile må oppgraderast. Det må byggjast eit kort fortau frå St. Jørgens-veg langs FV-565 til den kommunale vegen som går ned i Åråsvågen. Denne vegen må rustast opp med asfalt og veglys, gjerne låge som eignar seg langs ein gangveg. Dette er ein mykje nytta veg for gåande og syklende som skal til kommunesenteret eller Austrheim vidaregåande skule. Med dette tiltaket vert det meir attraktiv for dei som bur i Åråsfeltet å gå eller sykla til kommunesenteret. Vegen ned til Åråsvågen skal sjølvstøtt ikkje stengjast for biltrafikk, men talet på bilar på denne vegen er så lågt og vegen er så oversiktleg at det ikkje vil vera nokon risiko knytt til at ein kombinerer biltrafikk og mjuke trafikantar på denne vegen.
2. Veglys frå Lihaugen til Austrheim kyrkje. Dette tiltaket søkte me om tilskot til då me søkte om tilskot til veglys på strekninga frå Mastrevik til Ulvøy, men me fekk avslag. På Hopland, Lerøy og Bergsvik er det alt veglys. Det same gjeld frå Austrheim kyrkje og til Mastrevik og Ulvøy, men på den korte strekninga mellom Lihaugen og Austrheim vegkryss som bind desse strekningane saman, manglar det fem til sju lys. Når dette er på plass, kan fleire elevar gå eller sykle trygt til skulen.
3. Fortau frå Tresbakken til Heianefeltet med opphøgde gangfelt og redusert fart på fylkesvegen forbi Kuneset. Med desse tiltaka på plass, kan elevar frå Tresbakken gå eller sykle til skulen. I dag har desse fått kommunal skuleskyss på grunn av den trafikkfarlege vegen. Tiltaket vil også gjera det tryggare for innbyggjarane i Heiane-feltet, å gå eller sykla til båthamna og badeplassen ved båthamna.
4. Veglys frå FV-565 til Litlelindås. Her har også elevane fått ekstra skuleskyss på grunn av den smale og mørklagte vegen fram til busstoppa langs fylkesvegen.
5. Gang og sykkelsti frå Litlelindås-krysset til Førland. På deler av strekninga kan den gamle fylkesvegen nyttast.
6. Synnevågkrysset.
7. Busstoppa på Fonnes-sida av brua over Bakkastraumen. Her må det også lagast fortau langs vegen mot Vardetangen frå fylkesvegen og inn til bustadfelta.

Beste helsing
Per Lerøy
Ordførar
Austrheim kommune
Mob. 94506747

